

Medlemmar i Samarbeidsutvalet

Ikkje publiser
IP

Dykkar ref.

Vår ref.
20/16260-25Dato:
11.01.2025

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 09.01.2025

Møte nr.	2
Møtedato/tid:	09.01.2025 klokka 18.00
Stad:	Sund ungdomsskule, stort møterom loftet
Til stades:	Stefan Williams Hansen, leiar FAU Jannicke Håkonsund, nestleiar FAU Jimmy Håkonsund, politisk representant Janet Sangolt Kleppe, representant for lærarane Kristin Mellingen, representant for lærarane Gro Hege Eidesund, verneombod, representant for andre tilsette Anne Hufthammer, rektor Møtte ikkje: Karina Scott Glesnes, leiar elevrådet Tuva Øvretveit Revhaug, nestleiar elevrådet

10/24-25	Godkjenning av innkalling og saksliste
11/24-25	Oppfølging av saker frå sist møte Ungt entreprenørskap – Jimmy har fulgt opp inn mot gruppa si, Anne har sendt spørsmål til skulesjefen:

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME**Postadresse**
Ternholmvegen 2
5337 RONG**Kontonummer**
1506.24.29981
Organisasjonsnummer
922 53 0890**E post**
postmottak@oygarden.kommune.no
Telefon
56 16 00 00

	Jimmy: Ordføraren seier at dei er positive til og ser nytteverdien av medlemskap i Ungt entreprenørskap, men av økonomiske omsyn blir ikkje dette prioritert. Anne: Skulesjefen er på saka og har sendt melding til Ungt entreprenørskap for å finna ut kva kommunen pliktar seg til. Viss det ikkje er for dyrt, vil han prøva å få det i gong i 2025. Utanomhusplanen: Utanomhusplanen er sendt på anbod med frist 05.02. Startdato 10.03 med sluttdato 14.08. Hærverk – elevrådet: Det er laga TikTok-video som har vore populær.
12/24-25	Informasjon frå elevrådsleiar Dei var ikkje til stades og det kom ikkje noko informasjon frå dei.
13/24-25	Informasjon frå FAU Møte i FAU neste veke. Fokus på tysdag blir å jobba med utstyrslista til Knutec og karrieredagen. Forslaget til datoen for karrieredagen er litt vel optimistisk. Skulen ser på det på nytt. Forslag er ein tysdag på cirka to timar med ulike verksemdar.
14/24-25	Informasjon frå rektor Høyringar – rektor viste kva skulen sender frå seg når det gjeld høyringane til hovudmål, permisjonsreglementet og skulereglane. Knutec er så godt som ferdig. Det gjenstår litt på handikaptoalett og ei ny ytterdør pluss ferdigstilling av alt inne. Me treng møblar, servise og ein del utstyr. Friminutta – det å få vera inne er eit gode. Etter ein del rot og hærverk måtte elevane vera ute ei veke før jul. Skulen kan bestemma at elevane skal vera ute på permanent basis, men ønskjer sjølvstendig at elevane kan velja om dei vil vera ute eller inne. Dette må ut til foreldra i forkant av skulestart. Me må vera meir på når elevar gjer ting dei ikkje skal.
15/24-25	Høyringsforslag til plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar. Det skulle vera Teams-møte om denne planen, og det er difor me har byta dato på møtet vårt frå 21.01 til 09.01. Me var med på Teams-møtet og sendte høyringssvar frå SU.
16/24-25	Eventuelt Jimmy orienterte om at det var tatt opp korleis drift følgjer opp skadeverk på skulane i kommunestyremøte. Svaret var at skader blir rapportert i forvaltningssystemet deira og reparasjon blir anten utført av vaktmeister eller ekstern leverandør. Det er mange skader som oppstår på bygga, og det er både eit kapasitets- og budsjettspørsmål når det gjeld feilretting på bygg.
17/24-25	Saker som skal følgjast opp Ingen spesielle saker blei nemnt her

Med helsing

Anne Hufthammer
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur